



Kruspersille (*Petroselinum crispum*) og glattbladpersille (*Petroselinum crispum* var. *Neopolitanum*). Foto: G. Børtnes.

Glattbladpersille (*Petroselinum crispum* var. *neopolitanum*)

Prøvedyrking 2006

Gunhild Børtnes og Ruth Mordal, Bioforsk Øst Apelsvoll
E-post: gunhild.bortnes@bioforsk.no

Resultata byggjer på eitt forsøksfelt på Planteforsk Kise i 2006. Resultata syner mengde tøra vare per dekar, oljeinnhold i blad og vurdering av farge, smak og lukt for tre sortar dyrka med tre nitrogengjødselnivå.

Innleiing

Persille (*Petroselinum crispum*) har vore dyrka heilt frå oldtida. Den kjem opphavelig frå landa kring Middelhavet, og ein rekna den kom frå Egypt til Hellas og vidare til romarane som tok den med seg til Mellom-Europa.

Persille skal vera den eldste, og i dag, den mest brukte krydderplanten i Skandinavia.

Planten er toårig og høyrer til skjermplantefamilien. Persille blir brukt både i mat og som medisin. Blada har ei god kraftig lukt og fin smak. Blada av persille er svært rik på C-vitamin, karoten og jern.

Den mest kjente typen er kruspersille (*Petroselinum crispum*), men i dag er også den glattblaða typen av persille (*Petroselinum crispum* var. *neopolitanum*) blitt svært populær. Mange kokkar likar denne varianten med frodige lappa mørkegrøne blad. Glattblaða bladpersille har også saftige kjøttfulle stenglar som kokkane er glad i. Glattblaða bladpersille er også viktig som industriell råvare for tørking, frysetørking og til frysing. Persille likar moldhadig og kalkrik jord.

Gjennomføring

Resultata byggjer på eitt forsøksfelt på Planteforsk Kise i 2006. Feltet vart dekka med svart plast og det vart planta i hol i plasten med radavstand 25 cm, og avstand mellom hola på 25 cm med tre rekker på senga.

Det vart prøvd med tre nitrogennivå: 0, 6 og 12 kg nitrogen per dekar. Det vart planta pluggar med fire planter per plugg. Feltet vart planta 12. juni og hausta 4. august. Avlingane vart tørka rett etter hausting og alle resultat gjeld tørka vare. Forsøket hadde tre gjentak og resultata er presenterte som middeltal for år.

Det vart analysert for olje i blada ved Plantebiosenteret ved NTNU i Trondheim. Dei sensoriske testane i 2006 vart utført ved Torill Prøven sitt prøvekjøkken i Lesja.

Resultat

Avling, sort og gjødsling

Sorten 'Gigante d'Italia' hadde høgast avling med 705 kg per dekar medan den vanlege 'Glattblaða' hadde under 500 kg, tabell 2.

Tabell 1. Klimadata for Kise Nes på Hedmark for månadene juni, juli og august i året 2006. Normalverdiane for Kise 1961 til 1990 er viste i tabellen.

År	Middeltemperatur 2 m over bakken °C	Normal middeltemperatur 2 m over bakken 1961-1990	Nedbør mm	Normalverdiar for nedbør 1961-1990
2006				
Juni	15	13,6	25	59
Juli	18	15,2	24	66
August	17	14,0	83	76

Tabell 2. Avling og kvalitet for sortar i glattbladpersille i 2006 på Planteforsk Kise Nes i Hedmark.

Sort	TS % blad	Tørrstoffavling blad kg per dekar	Eterisk olje i blad %	Tal komponentar i olja
Glattblaða, vanleg. Lindbloms	20	478	0,20	27
'Gigante d'Italia' (økologisk prod.) Lindbloms	19	705	0,16	23
'Novas' normalfrø ubh. NORGRO	19	677	0,25	25

Tabell 3. Effekt av nitrogengjødsling til glattbladpersille dyrka på Kise, Nes på Hedmark 2006.

Tilført nitrogen per dekar	Tørrstoff-avling blad kg per dekar	Eterisk olje i blad %	Tal komponentar i olja
0	599	0,21	26
6	619	0,17	25
12	642	0,21	25

Tabell 4. Kvalitetsvurdering av tre sortar med tre nitrogengjødslingsnivå dyrka på Kise 2006. Vurdering frå 0 til 6, der 6 er best.

Forsøksledd		Farge	Smak	Lukt	Merknader
Sort	N gjødsling kg per dekar				
Glattblada, vanleg. Lindbloms	0	5	4	4	'Novas' fra NORGRO utan nitrogengjødsling hadde smak som likna mest på fersk persille.
"	6	5	3,5	4	
"	12	4	3,5	4	
Gigante d'Italia (økologisk prod.) Lindbloms	0	5	3,5	2	'Novas' fra NORGRO utan nitrogengjødsling hadde smak som likna mest på fersk persille.
"	6	5	4	2	
"	12	5	3	2,5	
'Novas' normalfrø ubh. NORGRO	0	5	5	4	'Novas' fra NORGRO utan nitrogengjødsling hadde smak som likna mest på fersk persille.
"	6	5	3	3	
"	12	5	4,5	2	

Det var lite utslag for å auka nitrogengjødsling. Ved å gi 12 kg nitrogen fekk ein berre 43 kg ekstra avling per dekar, tabell 3.

Oljeinnhald

Innhaldet av eterisk olje låg frå 0,13 til 0,27 % av tørrstof fet. Sorten vanleg 'Glattblada' hadde høgt innhald av myriticin med 28 % av olja mot 1 og 6 % for dei to andre sortane. Sortane 'Gigante d'Italia' og 'Gigante d'Italia' hadde tilsvarende høgt innhald av komponenten persille apiol, med 34 og 25 % mot 10 % i 'Glattblada vanleg'.

Som ein ser av tabell 1, hadde sorten 'Novas' høgast innhald av eterisk olje med 0,20 % av tørrstoffet, mean 'Gigante d'Italia' hadde 0, 16 %. 'Gigante d'Italia' hadde også færrest komponentar i olja.

Nitrogengjødslinga verka lite inn på oljeinnhaldet og tal komponentar i olja for dei tre sortane, tabell 3.

Sensorisk kvalitet

Alle tre sortane kom godt ut for farge, tabell 4. For smak kom sorten 'Novas' best ut. For lukt fekk den vanlege 'Glattblada' høgast vurdering, medan 'Gigante d'Italia' vart vurdert som därlegast.

Som totalvurdeing for farge, lukt og smak konkluderte prøvekjøkkenet med at 'Novas' utan nitrogengjødsling kom nærmast fersk persille.

Diskusjon og konklusjon

Det er her vist resultat med tørka vare av glattblada persille. Forsøket vart berre utført i 2006 og difor kan det vera galt å dra for sikre konklusjonar.

Avling av kruspersille i Norge med ein gongs hausting ligg på 1000 til 1500 kg per dekar (Balvoll 1995). Det same vert oppgitt frå Finland (Galambosi 1994). Med ein tørrstoffprosent på 20 % vil det gi ei tørrstoffavling på 200 til 300 kg per dekar. I Tyskland blir det oppgitt avlinger i friskvekt på frå 2500 til 3000 kg (Heeger 1989), som vil gi 500 til 600 kg tørka vare per dekar.

I dette forsøket avlingane var høge i høve til det som er oppgitt i Norge og Finland. Dette kan skuldast at plantene på forsøksrutene hadde gunstige forhold og det var eit høgt plantetal per dekar. Det hadde vore dyrka kløver på feltet året før, og frigjort nitrogen fra kløveren kan vera ei årsak til store avlinger utan nitrogengjødsling.

Tilrådd nitrogengjødsling til persille ligg på 10 til 14 kg per dekar.

Middeltemperaturen i vekstmånadane juni og juli i 2006 låg elles 2,1 ° C over normalen for sommartemperatur på Kise. Lite nedbør i dei to vekstmånadane var truleg viktigaste årsaka til lite problem med soppeskade i feltet på tross av høgt plantetal.

Av sortane hadde 'Gigante d' Italia' høgast avling, noko høgre enn 'Nova'.

For oljeinnhold låg sorten 'Novas' fra NORGRO høgast, og også for sensorisk kvalitet kom denne sorten best ut for uggjødsla ledd. 'Novas' og 'Glattblada vanleg' fra Lindbloms kom begge betre ut enn 'Gigante d' Italia' fra Lindbloms for lukt og smak.

Konklusjon

Til tørka vare var sorten 'Novas' fra NORGRO med omsyn på kvalitet den beste av dei sortane som vart prøvd i 2006. For avling kom 'Gigante d' Italia' fra Lindbloms best ut. Dette er hovudsort som frisk glattbladpersille i dag. Begge sortane kan tilrådast.

Kjelder

Balvoll, G. 1995. Grønsakdyrkning på friland. Landbruksforlaget. 360 s. ISBN 82-529-1700-3.

Børtnes, G. 2006. Norsk økologisk urtefrøproduksjon. Frø og formering. Tema 4B-Urter. 3 sider. Vestfold Bondelag.

Galambosi, B. 1994. Økologisk urtedyrking i Norden. 120 s. ISBN 82-90598-16-5

Heeger, F. E. 1989. Handbuch des Arznei-und-Gewürzpflanzenbaues. 776 s. ISBN 3-8171-1120-7

Olesen, A. 2006. Krydderurter i hagen. Cappelen 128 s. ISBN-13: 978-82-2-25036-2.



Sorten 'Gigante d' Italia' som har gått i stokk første året.
Bilde teke 24. september 2009 på Østre Toten. Foto. G. Børtnes

BIOFORSK TEMA
vol 4 nr 12
ISBN: 978-82-17-00557-5
ISSN 0809-8654

Fagredaktør:
Ragnar Eltun
Ansvarleg redaktør:
Forskningsdirektør Nils Vagstad
Foto: Gunhild Børtnes

www.bioforsk.no